
Fra: Lars Einar Torgilstveit <Lars@bof.no>
Sendt: 7. januar 2016 11:50
Til: Bente Kopperdal Hervik
Emne: SV: Førehandsgodkjenning
Vedlegg: Planteikning grillhus.pdf

Hei igjen Bente,

Det fantes ikkje, men har laga nokre enkle, omtrentlege mål for korleis den vil sjå ut.

Sjå vedlagt PDF.

-Lars

Fra: Bente Kopperdal Hervik [<mailto:bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no>]
Sendt: 7. januar 2016 10:56
Til: Lars Einar Torgilstveit <Lars@bof.no>
Emne: SV: Førehandsgodkjenning

Finst det målsette teikningar for grindverksbygget i Skageneset?

Fra: Lars Einar Torgilstveit [<mailto:Lars@bof.no>]
Sendt: 6. januar 2016 15:14
Til: Bente Kopperdal Hervik
Kopi: Oddmund Dingen
Emne: Førehandsgodkjenning

Hei igjen Bente,

vedlagt ligg idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for fleirbruksflata og grindverksbygget.

Ang. kostnadsoverslaget til turstigane, så har eg slått saman nokre av punkta i materiallista frå Skagenesets venner. Dessutan kjem «Bru over elva frå Træsvatnet» og «Transportutgifter» som er utgifter BOF vil få. Brua vil antakelegvis verta transportert inn med arbeidsbåten vår, FRIFANT, som ikkje er teke med i budsjettet deira. Budsjettet til Skagenesets venner hadde heller ikkje synleggjort dugnadsarbeidet som dei skal gjere, så då trur vi totalsummen i kostnadsoverslaget ser nokonlunde fornuftig ut. Elles får du endre eventuelle summar du meiner ser feilaktige ut. Det kan vere eg har mistolka nokre av utgiftene deira, då dei ikkje hadde satt opp eit ordentlig budsjett i Excel-format.

Når det gjeld prioritering av søknadane frå vår side, så er prioritert rekkefølge:

- #1 Fleirbruksflate
- #2 Grillhus
- #3 Turstiar

Om Skagenesets venner vil påbegynne deira arbeid neste år, så kan BOF uansett forskuttere omsøkte utgifter de eventuelt må ha.

Ta gjerne kontakt ved fleire spørsmål.

Med venleg helsing

Lars E. Torgilsteit
Planleggjar



*Bergen og Omland
Friluftsråd*
Hellebakken 45
5039 Bergen
Tlf. direkte: 55 39 29 58
Tlf. mobil: 93 66 24 09
Faks: 55 39 29 59
E-post: lars@bof.no
Nettsider: www.bof.no

Hei,

Det er sendt inn tre søknader som gjeld Skageneset. Eg kan ikkje sjå at det er søkt førehandsgodkjenning for to av desse, nemleg fleirbruksflata og grindverksbygget. Dette skal i følgje rettleiaren følgja søknaden. Kan de senda inn søknad om førehandsgodkjenning så snart som råd?

Mvh
Bente Kopperdal Hervik
Rådgjevar kultur
Radøy kommune
Tlf. 56 34 90 12